



Huset med adresse Hauglandsvegen 194 ligg på Klammeren.

Ein einebustad på Klammeren på Haugland er lagt ut på Finn.no for sal. Huset med postadresse Hauglandsvegen 194 er bygd i 1978 og har eit bruksareal på 139 rutemeter. Huset har ei god planløyising med alt på eit plan, men også med rom på loftet. Totalt antal rom er 8. Salsprisen er sett til 1,35 mill. kr. I tillegg kjem kostnader på kr. 25.000,-.

Klammeren ligg vakkert til ved fylkesvegen, 5 km frå sentrum i Uskedalen. Borna har rett på skuleskyss. I salsprospektet vert det framheva nærheten til uskedalselva og fjella rundt. Klammeren er faktisk den beste plassen for godt fiske i elva. Her er gode fiskehølar med lett tilkomst.

Fjella og område rundt er tilrettelagt for turar og friluftsliv. Ulvanoso og Englafjell er mest kjende. Rett ut frå stovedøra kan du ta turen opp lia til Hauglandsfjellet og område ved Stølsvatn og Mannsvatn. Solfjell, Tverrfjell og Gråfjell er populære turmål.

Interesserte kan ta kontakt med seljarane Ingvill Myklebust og Jone Rørheim Kjærland på telefon: 405 20 950.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Ingvill Myklebust